
Fra: Einar Atle Årdalsbakke <Einar.Atle.Ardalsbakke@vlfk.no>
Sendt: 16. desember 2021 14:14
Til: postmottak SD
Emne: Sender høyringssvar på høyring/ forslag om kontrollutrustning i drosje
Vedlegg: Høyringssvar - kontrollutrustning fro drosje.docx; Høyringssvar med vedtak - forslag til kontrollutrustning i drosje.pdf; Uttale frå RMNF - Høyringssvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje .pdf; Uttale frå fylkeseldrerådet - Høyringssvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje.pdf

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke
Seniorrådgjevar

Seksjon for stab og forvaltning
Avdeling for mobilitet og kollektiv



Tlf.: +47 95401311
WWW.vestlandfylke.no

Vår referanse 2021/49203-3
Dato 10.12.2021

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO**Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje**

Vi viser til høyring: «*forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje*» med høyringsfrist 22.2.2021.

Vestland fylkeskommune har behandla høyringa i Hovudutval for samferdsel og mobilitet den 16.11.2021, og i Fylkesutvalet den 30.11.2021.

Vedlagt sendes høyringsvar frå Vestland fylkeskommune til samferdselsdepartementet.

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Høyringsvar – innstilling til høyringsvar med vedtak.

Uttale frå RMNF på høyringa frå Samferdselsdepartementet

Uttale frå Fylkeseldrerådet på høyringa frå Samferdselsdepartementet

Saksnr: 2021/49203-2
Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

Høyringssvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje»

Forslag til innstilling.

1. Vestland fylkeskommune er positive til intensjonen med å tilrettelegge for digitale løysingar (kontrollutrustning i drosjebilar) som erstattar dagens taksameter.
2. Vestland fylkeskommune forutset at kontrollutrustninga er universelt utforma slik at alle i samfunnet kan nytte drosjetransport. Ein bør fortsatt ha moglegheit for å kunne betale med kontantar.
3. Vestland fylkeskommune vedtek uttalen slik han framgår i vedlegg 2.

Samandrag

Høyringa omfattar tilrettelegging for digital kontrollutrustning som eit alternativ til dagens taksameter i drosjebilane. Grunnen er at kjøp og bruk av taksameter er dyrt, og det har difor vore ønska å opne for mindre kostnadskrevjande kontrollutrustningar.

Kjernen i høyringsforslaget er bl.a. ein ønsker å innføre heildigital kontrollutrustningar som eit alternativ til dagens taksameter. Men denne kontrollutrustninga er ikkje tilgjengeleg for kundar som ikkje brukar smarttelefon. Dette er ein svakheit som vil medføre at enkelte drosjekundar i samfunnet kan bli ekskludert frå å bruke drosjetransport.

Vidare er det omtalt at drosje som nyttar heldigitale kontrollutrustningar får kun tilby drosjeteneste som er bestilt på forhånd via appen, og som blir betalt gjennom kontrollutrustninga. Drosje som nyttar kontrollutrustning utan fastmontert enhet vil ikkje kunne tilby praieturar, drosjereise frå haldeplass som ikkje er forhåndsbestilt i appen eller telefonbestilte turar.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet (SD) og Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har i fellesskap sendt på høyring forslag til ny forskrift om kontrollutrustning i drosje. Høyringa omfattar og forslag til endring i yrkestransportlova, yrkestransportforskrifta, skatteforvaltningsforskrifta, bokføringsforskrifta, prisopplysningsforskrifta og forskrift om måleenheiter og måling.

Departementa viser til tidlegare høyring av 10. juli 2020 om endringar i ein rekke forskrifter for å kunne tilrettelegge for kontrollutrustning som et alternativ til taksameter i drosje.

Forslaget til regelverk for kontrollutrustning i drosje er ein oppfølging av drosjereforma, som trådde i kraft 1. november 2020. Eit mål med reforma er å legge til rette for eit godt drosjetilbod for kundar i heile landet, samt betre konkurransen i drosjemarknaden, bl.a. ved å senke etableringsbarrierane i næringa og legge til rette for å ta i bruk ny teknologi.

Kjøp og bruk av taksameter har tradisjonelt vært dyrt, og det har difor vore ønska å opne for mindre kostnadskrevjande kontrollutrustningar.

Forslaget opnar for to parallelle løysningar.

Den eine løysinga er ein kontrollutrustning med ein fastmontert enhet i kjøretøyet, som for eksempel eit taksameter.

Den andre løysinga er en kontrollutrustning uten fastmontert enhet i kjøretøyet, som forutsetter at kundene har ein motsvarende applikasjon på sin digitale enhet (heldigital kontrollutrustning).

Drosje som nyttar heldigitale kontrollutrustningar får kun tilgang til å tilby drosjeteneste som er bestilt på forhånd via appen, og som blir betalt gjennom kontrollutrustninga. Drosje som nyttar kontrollutrustning utan fastmontert enhet vil ikkje kunne tilby praieturar, drosjereise frå haldeplass som ikkje er forhåndsbestilt i appen eller telefonbestilte turar.

Forslaget innebær at drosje som brukar heildigital kontrollutrustning ikkje er tilgjengeleg for kundar som ikkje brukar smarttelefon. Departementa har vurdert kva konsekvenser dette vil få for drosjekundar som er særleg avhengige av drosjetjenester, som for eksempel eldre og funksjonshemma, bl.a. basert på ein rapport fra Oslo Economics som er vedlagt høyringa.

Endringane i drosjereguleringa, og spesielt opphevelsen av sentraltilknytningsplikta, har medført at enkelte av mekanismane som tidligare var med på å sikre seriositeten i drosjenæringa ikkje lenger er til stades eller fullt ut ivaretar hensyna som forutsatt. Departementa meiner her at det er nødvendig å regelfeste krav for å sikre at hensyna bak drosjereguleringa blir oppfølgt, og for å ivareta ei seriøs drosjenæring.

Forslaget som er omtalt i denne høyringa stiller krav til alle typar kontrollutrustning, som skal bidra til riktig beregning av pris, riktig fastsetting av skattegrunnlag og at sikkerhet for passasjer og sjåfør blir ivareteke.

Ein viktig konsekvens av forslaget er at det vil sikre tredjepartsrapportering for alle løyvehavere, og dermed bidra til rett fastsettelse av skattegrunnlag. Vidare vil forslaget bidra til å sikre at kunden betaler den billigste prisen for drosjeturen av pristilbud, evt. fastpris, og parallelltakst, i tråd med krava i maksimalprisforskrifta.

Forslaget legg opp til så parallelle reglar som mogleg for å kunne halde tilsyn med dei ulike kontrollutrustningane og sanksjonane som ein kan gje ved brot på regelverket.

Oversikt over hovedpunkta i høyringsforslaget, med innspel frå Vestland fylkeskommune

- Alle drosjer i løyvepliktig transport skal bruke kontrollutrustning, jf. forslag til endring i yrkestransportforskriften § 48

o Kravet om taksameter oppheves

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Ved oppheving av dagens regelverk (dagens taksameter) kan det vere drosjekundar som ikkje taklar den digitale kontrollutrustninga. Det må kunne ringes inn bestillingar for drosje samt kunne betale på andre måtar en kun ved app.

- Samferdselsdepartementet får hjemmel til å gi forskrift om avgift for tilsyn og betalingsform i drosje, jf. forslag til endring i yrkestransportloven §§ 9 og 31a.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Ingen merknad til §§9.

Ingen merknad til § 31a.

- Det blir krav om at loggføring av drosjeturer skal skje i kontrollutrustningen, og krav til hvilke opplysninger som skal loggføres, samt hjemmel for å gi dispensasjon fra krav til loggføring jf. forslag til ny § 48c i yrkestransportforskriften

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Ny § 48c bør innehalde sjåføren sitt navn, fødselsdato og ansettelsesnummer (ved kontroll er det lettare å identifisere sjåføren). Det bør og spesifiserast kven som kan få dispensasjon frå krav om loggføring.

- Løyvehaver er ansvarlig for å bruke kontrollutrustning med gyldig produkterklæring og sikre at betaling og betalingsmidler registreres i kontrollutrustningen, jf. forslag til ny forskrift om kontrollutrustning i drosje (ny forskrift) § 3.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Dette punktet gjeld for drosjebilar med max. 9 sitjeplassar. Dagen drosjebilar som har 10 - 17 sitjeplassar fram til 2025 er ikkje knytt til punktet overfor. Desse er heller ikkje omtalt i høyringa. Kva med turvognløyver som ynskjer kontrollutrustning? Det bør vere moglegheit for å montere kontrollutrustning i køyretøy som har turvognløyve.

- Systemleverandøren skal sikre at kravene til kontrollutrustning er oppfylt, jf. forslag til ny forskrift § 3.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Ingen merknad til § 31a.

- En driftsansvarlig skal være ansvarlig for å drifte hver kontrollutrustning og rapportere tredjepartsopplysninger til skattemyndighetene jf. forslag til ny forskrift § 3 og forslag til endring i skatteforvaltningsforskriften § 7-5-18.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt overfor:

Av sikkerhetshensyn: Justervesenet bør lage alternative kontrollutrustning eller ha ansvaret for kontrollutrustninga.

- Kontrollutrustninger skal ha gyldig produkterklæring som er godkjent av Justervesenet, jf. forslag

til ny forskrift § 4. Side 3

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Jf. kommentar til forrige punkt. Ellers ingen merknad.

- Systemleverandøren skal ha styringssystem for informasjonssikkerhet, jf. forslag til ny forskrift om kontrollutrustning i drosje § 5.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til § 5.

Kontrollutrustningen skal:

o registrere pristilbud og beregne parallelltakst, og ha funksjoner som sikrer at kunden betaler den lavest prisen av disse eller et evt. fastpristilbud, jf. forslag til ny forskrift § 6,

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til § 6.

o ha sikker identifikasjon og pålogging. jf. forslag til ny forskrift § 7, o ha opplysninger om bl.a. pris, løyvenummer og drosjens posisjon synlig for kunden under turen, jf. forslag til ny forskrift § 8,

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Jf. § 7, 2. ledd b): her bør sjåførens identifikasjon vere min namn og fødselsdato.
Jf. § 7, 5. ledd: bytte ut kjennemerke og namn med løyvenummer. Grunnen er å beskytte sjåføren ihht. GDPR.

o ha sikret hendelseslogg om bl.a. tidspunkt for oppdrag og når sjåføren er tilgjengelig for oppdrag, jf. forslag til ny forskrift § 9, o lagre opplysninger om betaling iht. bokføringsforskriften og logging av drosjens posisjon iht. yrkestransportloven, jf. forslag til ny forskrift § 10,

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til §§9 og 10.

o ha høy dataintegritet mv., jf. forslag til ny forskrift § 12, og

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Mobil kontrollutrustning bør vere knytt til køyretøyet via OBD (on board diagnose).

o ha en enhet som er tilkoblet kjøretøyet, eller en motsvarendeapplikasjon på kundens mobile enhet, jf. forslag til ny forskrift § 13.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Jf. forrige merknad.
Må kontrollutrustninga vere slått på når drosjebilen køyrer? Dersom dette ikkje er påkrevd kan

ein køyre drosjetur og ta betalt svart. Dagens taksameter registrerar alle køyrte kilometer, som er ein sikker måte for bl.a. å unngå svart køyring. Det burde vore liknade moglegheiter på den digitale kontrollutrustninga.

- Opplysninger i kontrollutrustningen skal være tilgjengelige for skattemyndighetene, politiet og Justervesenet, jf. forslag til ny forskrift § 14.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til § 14.

- Justervesenet blir tilsynsmyndighet for alle kontrollutrustninger, jf. yrkestransportloven § 9 (5) og forslag til ny forskrift § 15

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til ny § 15.

- Tilsynet finansieres gjennom årlig avgift fra driftsansvarlig, jf. yrkestransportloven § 31a og forslag til ny forskrift § 16.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Ingen merknad til ny § 16.

- Justervesenet kan kreve retting eller tilbaketrekking av kontrollutrustningen, eller ilegge overtredelsesgebyr ved brudd på regelverket, jf. forslag til ny forskrift §§ 18 og 19.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Fylkeskommunen er einige i forslag til ny §§ 18 og 19, men i samband med § 19, 4. ledd stilles det spørsmål til heimelsgrunnlaget her når Justervesenet foreslår å kunne gje overtredelsesgebyr som går på prosentvis av inntjening/ inntekt. Det vanlege er faste satsar for overtredelse dersom retten ikkje bestemm noko anna.

- Løyvehavere skal registrere alle typer salg og betalingsformer i kontrollutrustningen, jf. forslag til endring i bokføringsforskriften § 8-2-1.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Kommentar: Sjåfør eller eigar bør ikkje ha moglegheit til å foreta endringar av pengebeløp. (unngå svart betaling).

- Driftsansvarleg for kontrollutrustning blir ansvarlig for tredjepartsopplysninger i tillegg til formidler av drosjetjenester, jf. forslag til endring i skatteforvaltningsforskriften § 7- 5-18.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:
Denne endringa medfører meiransvar for driftsansvarleg.

- Etter tur inn i et enerettsområde kan løyvehaver ta med passasjer ut av enerettsområdet, også når turen ikke er forhåndsbestilt, jf. forslag til endring i yrkestransportloven § 9a (5).

Vestland fylkeskommune sitt innspel til punkt ovanfor:

Kommentar til § 9a: så lenge det er førehandsplanlagt med offentlege etatar (helse/pasient). Og vidare dersom inn/ utreise er samme reisa (dvs. når turen ikkje avsluttast i kontrollutrustninga).

Departementene ber særleg om høringsinstansenes syn på hvilke virkninger forslaget vil få for ikke-digitale brukere, og konsekvensene av at markedsadgangen for de aktørene som benytter heldigitale løsninger begrenses til turer som er forhåndsbestilt gjennom motsvarende applikasjon hos kunden. Vi ber også om særlige merknader til kravet om at drosjeturen må betales gjennom appen når løyvehaver bruker heldigital kontrollutrustning.

Vestland fylkeskommune sin vurdering:

Ved å tilrettelegge for to alternativ, vurderes det som stor sannsynlighet for at mobilitetstilbudet for "ikkje digitale brukere" kan bli sterkt redusert på lengre sikt, både i distrikt og by. Ein konsekvens kan vere at det skapar ein drosjenæring som på sikt ikkje er bærekraftig.

Dersom ein skal utføre TT-transport med ny kontrollutrustninga må ein og digitalisere det fysiske TT-kortet. Ein problemstilling kan vere at ein ikkje klarer å få alle som har TT- kort over på ei digital platform. Det bør foretaksast utgreiing om dette er gjennomførbart for alle som brukar TT-ordninga.

Samferdselsdepartementet meiner at einerett kan være med på å sikre tilbodet til «ikkje-digitale» kundar i små og mellomstore kommunar. Men sjølv i einerettsområde må drosje bilane ha montert kontrollutrustning. Ettersom det ikkje er gitt heimel for dispensasjon i høringsforslaget.

Det er i høringsforslaget teke lite høgde for «ikkje-digitale» løyvehavarar. I område der det er ingen dekning, dårleg eller usamanhengande dekning bør ein ha funksjonar i kontrollutrustninga som tek høgde for dette.

I høringsforslaget står dert at: «Forslaget innebærer at drosjer som bruker en heldigital kontrollutrustning ikke er tilgjengelige for kunder som ikke bruker smarttelefon».

Dette forslaget medfører utelukking av dei som ikkje kan benytte smarttelefon eller som ikkje har smart telefon. Forslaget kan opplevast som diskriminerande. Vi ber difor samferdselsdepartementet om å endre kontrollutrustninga slik at alle i samfunnet kan ta drosjetransport på lik måte.

Det er ikkje utreda dispensasjonsmoglegheit opp imot forslag om nye kontrollutrustningar jf. yrkestransportforskrifta § 48.

Videre ber departementene høringsinstansene særskilt om å vurdere hvordan sikkerhet for passasjer blir ivarettatt ved bruk av kontrollutrustning med og uten fastmontert enhet. Vi ber også om særleg tilbakemelding på hvordan høringsinstansene oppfatter at sikkerheten blir ivarettatt i kontrollutrustning som omfatter et taksameter sammenlignet med en løsning med en annen fastmontert enhet.

Vestland fylkeskommune sin vurdering:

Sikkerheita utan fastmontert enhet vurderar vi som «ikkje sikker nok» ettersom drosjesjåføren kan skru av og på enheten som passar. Ein kan ikkje jukse med prisen, men ein kan med denne enheten jukse med lokasjonen. Det er heller ikkje nemnt i høringsforslaget at enheten skal være synleg for kunden. Vår merknad er at kontrollutrustingen og data som er på enheten bør være synleg for kunden.

I samband forslag om ny kontrollutrustning er det ein 3-part som har ansvar for å kontrollere at kyreseddelen er aktiv. Det er ikkje nemnt i høringsforslaget hvordan 3-part sikrar at aktørens køyreseddel er gyldig. Dette kan medføre situasjon der aktørar ligger inne med «gyldig» køyreseddel i systemet, mens køyreseddelen er indratt av politi. I slike tilfelle kan sjåførar/løyvehavar utan gyldig køyreseddel logge på og betene drosje- marknaden utan gyldig køyreseddel.

I følge høyringsforslaget kan ein drosjeløyvehavar ha montert inn i drosjebilen fleire kontrollutrustningar. Vår merknad er at det kan medføre fleire forskjellige omsetningar og skape vanskar for evt. Kontroll.

Kontrollutrustingen skal være universelt utforma, både for bruker og betalingsmetoder. Ein bør fortsatt ha moglegheit for å kunne betale med kontantar.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse for alle høyringssaker, jfr. delegeringsreglementet for Fylkesutvalet pkt 7.

Vurderingar og verknader

Digital utrusting i drosje er ein erstatning for dagens taksameter. Vestland fylkeskommune kjenner ikkje til om ny digital utrustning i drosjebilane kan ha konsekvensar for punkta økonomi, klima og Folkehelsehar. Vi håpar at denne løysinga kan bidra til å utvikle gode tenester til eit framtidsretta Vestland på både teknologi og miljø.

Økonomi:

Ingen kjente faktorar.

Klima:

Ingen kjente faktorar som kan påverke eller betre klima.

Folkehelse:

Ingen kjente faktorar som kan påverke eller betre folkehelsa.

Konklusjon

Fylkesutvalet vedtek uttalen frå Vestland fylkeskommune slik han ligg føre.



Saksnr: 2020/77154-170
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård
Dato: 18.11.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet - Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje

Fylkeseldrerådet handsama *PS 33/2021* *Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje* i møte 17. november 2021, og vedtok å gi slik uttale:

Fylkeseldrerådet støttar fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling, og meiner at ei ordning for drosjane må vere universelt utforma.



Saksnr: 2020/77152-92
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 12.11.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå RMNF - Høyringssvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama i møte 12. november 2021 PS 36/21
«Høyringssvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje».

Rådet gav følgjande uttale:

RMNF vil understreke at pkt. 2 i framlegg til vedtak er svært viktig, og meiner ein i vedtaket bør forsterke det med å vise til Vestland fylkeskommune side 6-7 i saksutgreiinga, eller ta inn nokon av formuleringane som strekpunkt. M.a. at ein ikkje kan innføre eit system som er utilgjengeleg for brukarar som ikkje nyttar smarttelefon. Eit sånt forslag er diskriminerande både mot menneske som ikkje kan bruke den teknologien eller ikkje har råd til å skaffe seg teknologien. Det må takast omsyn til personar som ikkje har / kan ha eigen bank-ID. (m.a. nokre av dei som må ha verje på det økonomiske).

«bør» blir bytta ut med «skal» når det gjeld bruk av kontantar.